

Fylkesordførar gir slikt svar:

Lik andre deler av landet har Vestland ei ujamn folketalsutvikling, med sentralisering mot nokre kommunar og større stader. For mange av industristadane er fylkesordføraren einig i at situasjonen er alvorleg.

Interpellasjonen viser at statistikkmakarane fortener skryt i form av at dei får i gang ein debatt. Den stille sentraliseringa er den verste. Det at me berre aksepterer utviklinga utan å ta grep.

Fylkesordføraren er grunnleggjande usamd i vurderinga frå Distriktscenteret, som svar på ei utvikling over tid i mange distriktskommunar med folketalsnedgang, fødselsunderskot og for få unge i høve eldre.

Difor viser eg til talen min til fylkestinget, og at me må definera rolla vår først og fremst som ein medspelar til vekst og utvikling saman med kommunane. Det er kommunane sjølve som best kan ta grep for å utvikle arbeidsplassar, lokale kultur- og idrettsaktivitetar, samt frivillig arbeid. La oss kjempa for Odda og Ullensvang slik.

Noko av formålet med strategisk planlegging og politikk er å forsøke å endre trendar, og klarer vi det, vil framskrivingane ta feil. Det er viss vi ikkje gjer noko, at vi risikerer at prognosane slår til. Så er det ei utfordring at når prognosemakarane kjem til ulike tal, så skuldast det at dei ser på ulike trendar. Kva trend skal vi då snu?

Effektivisering og robotisering medfører behov for færre arbeidstakrar, men er også ein føresetnad for å klare seg i ein internasjonal marknad. Dersom ein skal kunne halde oppe talet på arbeidstakrar må det skapast nye arbeidsplassar, men, dei aktuelle kommunane må også ha ein attraktivitet som gjer at folk vel å bu der. Fylkeskommunen har ordningar for støtte og rådgjeving som kommunane kan dra veksel på, men det er viktig at den einskilde kommune sjølv tek tak og greier å engasjere næringsliv og innbyggjarar.

Fylkesordføraren ønskjer å arbeide aktivt saman med kommunane for å motverke at dei dystre framskrivingane slår til. Utviklingsplanen for Vestland, som skal vedtakast i fylkestinget i dag, skal hjelpe oss til å få ein felles kurs for arbeidet. Vi vil arbeide for ei samfunnsutvikling som styrkar grunnlaget for vekst og gode kvardagsliv i heile Vestland. Eit av hovudmåla i planen er at vi skal vere eit leiande verdiskapingsfylke, og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. Vi skal nytte våre naturgjevne føresetnader og sterke teknologi- og kompetansemiljø til å vidareutvikle eit variert næringsliv med fleire arbeidsplassar og god omstillingsevne. Arbeidet med Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er òg under utarbeiding. Planen skal formulere mål og strategiar for innovasjon og næringsutvikling i heile Vestland, og bidra til auka omstillingsevne og det «grøne skiftet» i næringslivet. Eg vonar difor at målretta strategisk arbeid i kommunane, og at vår målretta innsats saman med kommunane gir resultat.

Avrøyting om interpellasjonen skal på saklista som vedtakssak

Fylkestinget vedtok samråystes å setje saka på saklista som vedtakssak. Saka fekk saknummer PS 134/20.